

## KOMMISJONSVEDTAK

2002/EØS/37/21

av 11. desember 2000

om fastsetjing av rapporteringsform og kodar for melding av dyresjukdommar i  
medhald av rådsdirektiv 82/894/EØF og om oppheving av vedtak 84/90/EØF og 90/442/EØF(\*)

[meldt under nummeret K(2000) 3701]

(2000/807/EF)

KOMMISJONEN FOR DEI EUROPEISKE FELLESSKAPA  
HAR —

med tilvising til traktaten om skipinga av Det europeiske  
fællesskapet,

med tilvising til rådsdirektiv 82/894/EØF av 21. desember  
1982 om melding om dyresykdom i Fællesskapet<sup>(1)</sup>, sist endra  
ved kommisjonsvedtak 2000/556/EF<sup>(2)</sup>, særleg artikkel 5, og

ut frå desse synsmåtane:

- 1) I kommisjonsvedtak 84/90/EØF<sup>(3)</sup>, sist endra ved vedtak  
89/163/EØF<sup>(4)</sup>, er det fastsett kva rapporteringsform som  
skal nyttast ved melding av dyresjukdommar i medhald  
av direktiv 82/894/EØF.
- 2) I kommisjonsvedtak 90/442/EØF<sup>(5)</sup>, sist endra ved  
vedtak av 17. desember 1996<sup>(6)</sup>, er det fastsett kva kodar  
som skal nyttast ved melding av dyresjukdommar.
- 3) Desse vedtaka må konsoliderast og ajourførast. Av omsyn  
til klarleiken bør desse vedtaka opphevast, og det bør  
gjerast eitt nytt tilsvarende vedtak.
- 4) I avgjerd nr. 2/1999 teken av Fellesutvalet EF-Andorra  
22. desember 1999 om gjennomføringsreglar for den  
tilleggsprotokollen som vart underskriven i Brussel 15.  
mai 1997 om veterinære spørsmål til avtala i form av  
brevveksling mellom Det europeiske økonomiske  
fællesskapet og Fyrstedømet Andorra<sup>(7)</sup> krevst det at  
Andorra vert omfatta av systemet for melding av  
dyresjukdommar.
- 5) Eit nytt nettbasert datasystem som gjer det mogleg å  
overføre opplysningar om sjukdommar slik det er fastsett  
i direktiv 82/894/EØF, er i ferd med å verte innført.
- 6) Belgia, Finland, Tyskland, Hellas, Nederland, Noreg,  
Portugal og Spania har endra det systemet for

nummerering av regionar som vert nytta i  
meldingssystemet.

- 7) For å gjere systemet betre er det naudsynt å fastsetje  
føresegner som gjer det mogleg å heimfeste utbrot meir  
nøyaktig ved at det vert vist til lengde- og breiddegrader.
- 8) For å sikre konfidensiell handsaming av dei  
opplysningane som vert sende over, bør vedlegga til dette  
vedtaket ikkje offentleggjerast.
- 9) Dei tiltaka som er fastsette i dette vedtaket, er i samsvar  
med fråsegna frå Det faste veterinærutvalet —

GJORT DETTE VEDTAKET:

*Artikkel 1*

Ved melding av dyresjukdommar skal opplysningane sendast  
over i den rapporteringsforma som er fastsett i vedlegg I, II og  
III til dette vedtaket.

*Artikkel 2*

Ved melding av dyresjukdommar skal opplysningane sendast  
over ved bruk av dei kodane som er fastsette i vedlegg IV–X  
til dette vedtaket.

Dette vedtaket skal nyttast frå 1. januar 2001.

*Artikkel 4*

Vedtak 84/90/EØF og 90/442/EØF vert oppheva frå den dato  
som er nemnd i artikkel 3.

*Artikkel 5*

Dette vedtaket er retta til medlemsstatane.

Utfërda i Brussel, 11. desember 2000.

*For Kommisjonen*

David BYRNE

*Medlem av Kommisjonen*

(\*) Denne fællesskapsrettsakten, kunngjort i EFT L 326 av 22.12.2000, s. 80, er omhandlet i EØS-komiteens beslutning nr. 148/2001 av 11. desember 2001 om endring av EØS-avtalens vedlegg I (Veterinære og plantesanitære forhold), se EØS-tillegget til De Europeiske Fællesskaps Tidende nr. 13 av 7.3.2002, s. 11.

(<sup>1</sup>) TEF L 378 av 31.12.1982, s. 58.

(<sup>2</sup>) TEF L 235 av 19.9.2000, s. 27.

(<sup>3</sup>) TEF L 50 av 21.2.1984, s. 10.

(<sup>4</sup>) TEF L 61 av 4.3.1989, s. 49.

(<sup>5</sup>) TEF L 227 av 21.8.1990, s. 39.

(<sup>6</sup>) K(1996) 4032 endeleg utgåve.

(<sup>7</sup>) TEF L 31 av 5.2.2000, s. 84.